



Jan Ove Totland gjorde Sande levande

**Trass dårleg ver møte mange fram til museumsdagen Liv i gamalt tun på Rød.
Mange synte stor interesse for utstillingen i Lemstova med tekstilar og heimastrikk.**


Ester Mørstad og Anna Ingeborg Bjørnebøle hadde med og synte fram heimaspunne garn.

Utanom utstillingen vart det synt fram sjeldne tekstilar frå Langballe på Skorpo. Utstillingen skal stå til helga 10./11. sept. og det vert skipa til ein open fagkveld med tekstilar som tema.

Dikataren Jakob Sande vart markert med eit eige program i Røykstova. Reidar Kyrkjebø frå Flekke i Sunnfjord (Dalssocknet) kåserte om sin sambygding og presten Jan Ove Totland frå Bryggja i Nordfjord song og dramatiserte Kallen og katten. Vår eigen, Kjell Yri, deklamerte to Sandedikt, mellom anna Musa i orgelet. Det høvde godt på plassen då ein føråt hadde spelt til salmesongen på trøorgel (salmesykkel).

Museumsdagen på Rød samlar folk frå heile kommunen, ja, jamvel med tre gjester frå Sverige.

Terkst og foto: Kristian Olav Bringedal



Reidar Kyrkjebø fortalte om Sande